

NOTAT ETTER MØTE MED STATSSEKRETÆREN I KULTURDEPARTEMENTET 5.1.2022.

Norsk Bibliotekforening er ein interesseorganisasjon for bibliotek og bibliotekbrukarar. Vi har i underkant av 3000 medlemmer, med ca 2/3 som personlege medlemmer. Vi arbeider for biblioteka sin plass i samfunnet, med vekt på yringsfridom og demokrati, livslang læring og biblioteket som møteplass. Dette gjeld på tvers av bibliotektypar, og vi er engasjert både innanfor kultur- og utdanningsfeltet. Annakvart år arrangerer vi Bibliotekmøtet, den største og viktigaste møteplassen for norske bibliotekarar, med 3-500 deltakarar. I år er det i Oslo 23.-24. mars. Takk for at Kulturdepartementet stiller på sluttmøtet!

Boklova. Korleis kan boklova òg tene biblioteka og bibliotekbrukarane?

NBF har levert eit notat til gruppa som utgreier ny boklov. Der leverte vi innspel til fleire delar av det litterære verkemiddelapparatet. Når det gjeld sjølve boklova som erstatning for bokavtalen er våre viktigaste innspel:

- Ei ny boklov må ha ein definisjon av «digitalt eksemplar».
- Bibliotek må ha rett til å kjøpe og låne ut «digitale eksemplar» etter den såkalla eksemplarmodellen (Kulturrådet sin modell på innkjøpsordningane).
- Skaffeplikta- og leveringsplikta må gjelde digitale utlånseksemplar òg, ikkje berre fysiske.
- Bibliotekrabatten ved fastpris må takast vare på.

Vidareføring av nasjonal bibliotekstrategi.

Etter vår meining er strategien i all hovudsak god, sjølv om det først og fremst er ein strategi for det statlege nivået. Strategien inneheld viktige ambisjonar som kan styrkje den nasjonale samhandlinga mellom ulike typar bibliotek. Det er viktig at utvikling av nasjonale fellestenester held fram, til dømes ei vidareføring av gratis metadata til bibliotek og utvikling av ein nasjonal metadatabrønn. Dette er tiltak som både bidrar til effektivisering og profesjonalisering av tenester ut mot publikum på det lokale biblioteket.

Strategien har allereie medført at det er satt i gang viktige felles prosjekt på tvers av fylka. Til dømes samarbeider fylkesbiblioteka om å utvikle formidlingskompetansen for bibliotektilsette, mens Deichman i Oslo samarbeider med 223 kommunar om å utvikle biblioteksystem og digitale formidlingsløysningar for biblioteka. Desse prosjekta er mogleggjort ved hjelp av utviklingsmidlar som følgjer av strategien.

Difor er vi opptekne av at ein ny leselyststrategi ikkje må erstatte bibliotekstrategien, men vera eit tillegg. Bibliotek handlar om meir enn leselyst, og satsinga på bibliotekutvikling, livslang læring, digital medverknad, berekraft m.m.

Ei tettare samhandling mellom departementa om å nå måla i strategien meiner vi kan føre til ei

tettare kopling mellom dei ulike bibliotektypene. Det er òg ein fordel om samhandlinga mellom dei ulike forvaltningsnivåa – stat–fylkeskommune–kommune – kan styrkast. Det er store variasjonar i bibliotektilbodet, trass i at bibliotek er ei lovpålagt oppgåve. Ein kan sjå for seg at statsforvaltaren inkluderer kvalitet på bibliotektilbodet i forventingsbrevet han sender kommunane og fylkeskommunane. Ein kan òg sjå for seg at det er statsforvaltaren som overtek forvaltningsoppgåva som følgjer av § 5 i folkebiblioteklova.

Når det gjelder meirope bibliotek er Norsk Bibliotekforening positive til dette, så lenge det blir eit supplement og ikkje ei erstatning for tilsette i biblioteka. Mange kommunar har allereie innført meirope tilbod, og fylkesbiblioteka jobbar no med å utvikle ein startpakke med rettleiing for dei som vil innføre meirope bibliotek i sine kommunar.

Ny nasjonal leseleststrategi.

Grunnleggande leseferdigheiter, det å skape mening frå tekst, er heilt naudsynt for å orientere seg og delta i dagens samfunn. Det gjeld alle aldersgrupper og samfunnslag. Lesing og litteratur handlar om noko meir enn avkodning og teknikk. Leseengasjement skapar betre lesarar, og ligg dermed i botnen for all læring.

Lesing er som kondisjonstrening og må vedlikehaldast. For å gi langvarig leselest hos barn, unge og vaksne, må det permanent innsats til. Ei presisering av formål, bruk og innhald av skulebibliotek i ny opplæringslov, vil til dømes vera eit permanent tiltak for leselest. Regjeringa kan også gi styringssignal til fylke og kommunar om satsing på lesing gjennom folkebibliotek i tillegg til eigne insitament som prosjektmidlar.

Norsk Bibliotekforening ønskjer ein strategi for alle. Svak leseforståing og svak digital kompetanse eksisterer i alle aldersgrupper. Vi trur òg at det må vera eit mangfaldig samarbeid om litteratur- og formidlingstilbod; på bibliotek, hos leseorganisasjonar, i barnehagar, i skulen, i familien, i ungdomsorganisasjonar, ulike daginstitusjonar m.fl. Lyst til å lesa må bli alle sitt ansvar.

Formidling av litteratur er avgjerande for å motivere til leselest og stimulere til fritidslesing. Å formidle litteratur, inspirere og oppfordre til lesing ligg i ryggrada til biblioteka. Å jobbe aktivt med lesing i biblioteket, der litteraturen er overalt, er openbert ein styrke. Biblioteka sitt potensiale for formidling av litteratur er enormt.

Norsk Bibliotekforening ønskjer ein leseleststrategi som:

- Inkluderer alle aldersgrupper.
- Inkluderer både Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet. Leselest blir skapt gjennom eit mangfald av litteratur på eit mangfald av stader.
- Har langsiktig satsing.
- Bruker folkebiblioteka, som har:
 - o Litteratur og kompetanse.
 - o Eksistrande infrastruktur, eigne nettverk og mykje erfaring med samarbeid med andre grupper (barnehagar, skular, frivillige organisasjonar, flyktningmottak).
 - o Brei oppslutnad mellom folk flest, òg i grupper andre ikkje når.

- o Lesefremmande tiltak (Sommarles, Bokstart, lesesirklar, bokprat, eventyrstund, forfattarbesøk, pop-up bibliotek, Boka kjem - for dei som ikkje kjem seg på biblioteket).
- Vidarefører og styrker eksisterande lesetiltak – bruk leseorganisasjonane.
- Styrkjer innkjøpsordningane
 - o Auke innkjøp av barne- og ungdomslitteratur.
 - o Auke innkjøp av sakprosa og teikneseriar.
 - o Inkludere distribusjon til skolebibliotek som fast ordning. I dag ei tidsavgrensa ordning frå Kulturrådet for 200 grunnskular.

Norsk Bibliotekforening vil gjerne koma tilbake og bidra meir konkret til departementet sin leselyststrategi. I møtet snakka vi om å gje nokre døme på bibliotek som driv godt med leselysttiltak. Det er det særst mange som gjer, mange bibliotek fokuserer naturlegvis sterkt på lesing. Nokre døme kan vera Deichman Grünerløkka, Nord-Odal bibliotek, Sarpsborg bibliotek, Lillehammer bibliotek og litteraturhus, Gjøvik bibliotek og litteraturhus og Lom folkebibliotek. Det er òg viktig å ta med nokre av dei større satsingane, der Vestfold og Telemark fylkesbibliotek har ansvar for lesekampanjen sommarles.no og Trøndelag fylkesbibliotek for eit felles formidlingsprosjekt for heile landet. Begge er støtta av Nasjonalbiblioteket.

Formidling av litteratur i bibliotek. utfordringar med dagens lovverk.

I dag regulerer åndsverklova korleis åndsverk kan brukast utan løyve frå opphavar. Ein som vil formidle nokon annan sin tekst har t.d. ein sitatrett på kortare utdrag, og fribruk til heile verk på visse vilkår (privat krins, utdanning, gratis arrangement der noko anna er hovudsaka). Det har alltid vore ein praksis der biblioteka har formidla gjennom høgtlesing i visse samanhengar, t.d. høgtlesing for ungar, lesing på enkelte arrangement eller for enkelte grupper.

I starten av pandemien starta somme bibliotek med høgtlesing på Facebook og/eller YouTube. Etter nokre rundar vart det avklart at denne formidlinga må klarerast og eventuelt betalast for. Norsk Forfattarsentrum laga tilrådde satsar for slik formidling. Samstundes vart det problematisert at anna høgtlesing i biblioteket òg i prinsippet skal avklarast med opphavaren.

I Danmark har Forfatterne Forvaltningsselskab (FFS) kontakta bibliotek og bede om betaling for fysisk framføring bibliotekarane gjer på biblioteka. Enkelte bibliotek, mellom anna København, laga ein avtale med FFS, mens Aarhus bibliotek meiner at det ikkje finst eit juridisk grunnlag for dette kravet. Dei biblioteka som har laga avtale med FFS har forhandla individuelt og betaler av eige budsjett. I 2018 betalte København bibliotek kr. 20 000,-. Nasjonalbiblioteket sine juristar støttar ei tolking der ein del høgtlesingsarrangement i biblioteka må klarerast med opphavarane: [Ophavsrett og bruk av materiale i bibliotekene - Bibliotekutvikling.no](https://www.nbfbibliotekforening.no/om-oss/om-oss-og-ansvar).

Det er ingen tvil om at både forfatarane og andre opphavarar ønskjer at verka skal formidlast i biblioteka. Spørsmålet er korleis dette skal avklarast og eventuelt kompensert for. Ingen av opphavarorganisasjonane har avtalelisens-ansvar. Vårt ønske og framlegg er at både klarering og honorering av dette området bør ordnast sentralt, og gjennom statlege ordningar. Dersom kvar kommune/bibliotek skal opprette avtale blir det mykje byråkrati for noko som truleg er lite pengar om vi skal bruke Danmark som døme. Eit strikt regime vil føre til at store delar av denne måten å

formidle på vil forsvinne utanom for skular og barnehagar, eventuelt at ein konsentrerer seg om eldre verk som ikkje er verna lenger.

Oppfølging av folkebiblioteklova.

Dei siste åra har vi sett at fleire kommunar meir eller mindre medvite nedprioriterer folkebibliotektenesta så sterkt at det utan tvil er eit brot på lov om folkebibliotek, der det går fram at alle kommunar skal ha eit folkebibliotek med fagutdanna biblioteksjef. Manglande fagutdanna biblioteksjef har ein alltid hatt ein prosedyre for, gjennom å søkje Nasjonalbiblioteket om dispensasjon dersom ein ikkje får kvalifiserte søkjarar. No ser vi at nokre kommunar berre unngår problematikken ved å unnlate å lyse ut biblioteksjefstillinga, eventuelt rett og slett leggje ned biblioteket. Desse tilfella er ofte ROBEK-kommunar (Moskenes, Flakstad, Giske), men òg andre. Her treng Nasjonalbiblioteket sterkare verkemiddel, eventuelt at ansvaret går over til statsforvaltaren og skjerpning av staten sine styringssignalar til kommunane.

FNs berekraftsmål og biblioteka sitt bidrag.

Norsk Bibliotekforening leverte høyringsuttale til den nasjonale handlingsplanen for berekraft. Der drog vi fram at biblioteket er ein samfunnsinstitusjon som står for demokratiske verdiar som retten til kunnskap og informasjon, utdanning, kultur, ytringsfridom og personleg integritet. Gjennom det daglege arbeidet til biblioteka bidreg dei til god utdanning, mindre ulikskap, god helse, likestilling og fred, rettferdigheit, berekraftige byar og samfunn og velfungerande institusjonar.

Biblioteka jobbar altså med FNs berekraftsmål i praksis. Biblioteka formidlar og deler kunnskap, kultur og opplevingar uavhengig av brukarane sin bakgrunn. Biblioteka byggjer fellesskap gjennom både lokalt tilpassa mediasamlingar og arrangementsverksemd. Delingskultur, ein viktig del av berekraftsarbeidet, ligg i ryggmergen til biblioteka.

Med rolla som demokratihus kan òg biblioteka vera ein tenleg arena for kommunane for å involvere innbyggjarane i berekraftsarbeidet. Der eit rådhus kan bli oppfatta som politikarane si forlengte arm, vil eit bibliotek vera ein meir uavhengig arena for å få til lokalt engasjement. Gode døme på bibliotek som har jobba med berekraftsmåla frå ulike vinklar er Haugesund folkebibliotek, Skien bibliotek, Nordre Follo bibliotek og Drammen bibliotek.

Igjen: takk for møtet. Vi kom ikkje gjennom heile lista vi hadde varsla, og vonar vi kan halde kontakten med politisk leiing vidare.

Beste helsing
NORSK BIBLIOTEKFORENING

Vidar Lund /s/
leiar